

# Odda fjellstyre

## MØTEBOK

Tidspunkt: Torsdag 18. mai 2017 kl. 1800

Stad: Kjellaren i brannstasjonen i Odda

**Desse møtte:** Eivind Tokheim, Ørjan Angell, John Helge Rasmussen, Britha Sandal, Mariann Nordstoga Berge (til og med sak 14/17)

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

### Saker til styremøtet

- OFS 09/17: Referat frå møte den 6. mars 2017
- OFS 10/17: Rekneskap for Odda fjellstyre 2016
- OFS 11/17: Årsmelding for Odda fjellstyre 2016
- OFS 12/17: Retningslinjer for utleige av fjellstyrehyttene til kommersielle aktørar
- OFS 13/17: Trekking av hytter for sommarsesongen
- OFS 14/17: Utleige av lagerkassar på fjellstyrehyttene
- OFS 15/17: Innkjøp av ny snøskuter
- OFS 16/17: Skrantesjuka (CWD) – orientering om informasjonsmøte og elles siste nytt
- OFS 17/17: Kommentar om utøving av reinsjakt på Ullensvang statsallmenning
- OFS 18/17: Eventuelt

Eivind Tokheim/s/      John Helge Rasmussen/s/

Mariann Nordstoga Berge/s/

Britha Sandal/s/

Ørjan Angell/s/

### Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullensvang herad

Hardanger Folkeblad

# Odda fjellstyre

Møtet starta med ein presentasjonsrunde av fjellstyremedlemmene og sekretæren.

## OFS 09/17: Referat frå møte den 6. mars 2017

### **Saksdokument:**

- 9-17 Møtebok frå møte i Odda fjellstyre 6. mars 2017

### **Saksutgreiing:**

### **Framlegg til vedtak:**

Ingen

### **Referat:**

Til sak 5/17 kommenterte John Helge at prosessen med å søkja og tilretteleggja for synfaring av eit nytt toalettbygg ved Belebu blir spelt over til sekretæren.

### **Vedtak (sak OFS 09/17):**

**Styret godkjenner referat frå møte den 6. mars 2017.**

Samrøystes vedteke.

## OFS 10/17: Rekneskap for Odda fjellstyre 2016

### **Saksdokument:**

- 10-17 Rekneskap for Odda fjellstyre 2016 (resultat)

### **Saksutgreiing:**

Balanse blir ettersendt før møtet.

### **Framlegg til vedtak:**

Ingen

### **Referat:**

Eivind orienterte om rekneskapen. Det var kommentarar til nokon av postane. Blant anna viser rekneskapen at det ikkje er betalt inn fellingsavgift til villreinutvalet. Eivind meiner det kjem av ei feilføring i rekneskapen, og undersøker dette.

Det blei kommentert at fjellstyret er avhengig av gode villreinkvoter for å ha ein god økonomi dei kommande åra.

# Odda fjellstyre

## Vedtak (sak OFS 10/17):

**Styret godkjenner rekneskapen med dei merknadane som kom fram på møtet.**

Samrøystes vedteke.

## OFS 11/17: Årsmelding for Odda fjellstyre 2016

### **Saksdokument:**

- Årsmelding for Odda fjellstyre 2016 (blir sendt ut før møtet)

### **Saksutgreiing:**

### **Framlegg til vedtak:**

Ingen

### **Referat:**

Styret gjekk gjennom årsmeldinga. Eit årstal blei retta. Utanom det ingen merknadar til framlegg til årsmelding.

## Vedtak (sak OFS 11/17):

**Styret godkjenner årsmeldinga med ei mindre endring.**

Samrøystes vedteke.

## OFS 12/17: Retningslinjer for utleige av fjellstyrehyttene til kommersielle aktørar

### **Saksdokument:**

- 12-17 Søknad om leige av hytta ved Langavatnet frå Trolltunga Adventures SA

### **Saksutgreiing:**

Firmaet Trolltunga Adventures SA har søkt fjellstyret om å få leige hytta ved Langavatnet for ei overnatting, 1. august. Firmaet tilbyr utanlandske turistar alternative ruter med mål om å nå Trolltunga som siste stopp på vegen. Dei har tidlegare arrangert turar frå Kinsarvik (4 dagar), Hildalen (3 dagar) og rundt Ringedalsvatnet (2 dagar). Dei signaliserer at det kan vera aktuelt for dei å søkja om å leiga hytta til 1-3 overnattingar i månadsskiftet juli/august kvart år. I 2017 søkjer dei om overnatting eit døgn (1. august). Fjellstyret må ta stilling til om dei ynskjer å opna for kommersiell trafikk på fjellstyrehyttene.

Etter fjellova sin § 35 kan fjellstyra setja opp naudsynte jakt- og fiskehytter og naust i statsallmenning. Dette for at dei bruksberettiga skal kunna nytta seg av rettane sine til jakt og fiske. Fjellstyra si «rolle» er difor ikkje å driva med turishyttedrift eller ordinær hytteutleige.

# Odda fjellstyre

Trolltunga Adventures sin aktivitet er knytt til friluftsliv, og ikkje jakt og fiske. Samtidig vil ein ved å opna for kommersielle aktørar redusera kapasiteten for bruksberettiga som ynskjer å leiga hyttene for å driva jakt og fiske. Særskilt i høgsesongen for høvesvis jakt og fiske er dette ei aktuell problemstilling. Sjølv om det i dette tilfellet er snakk om eit svært lite omfang, vil ein praksis med å opne for kommersielle aktørar kunna føra til at ein får fleire liknande søknadar om leige av hyttene.

## **Framlegg til vedtak:**

Ingen

## **Referat:**

Saka blei kort drøfta. Det var semje i styret om at utleige av fjellstyrehyttene til kommersielle aktørar ikkje er i tråd med føremålet med fjellstyrehyttene.

## **Vedtak (sak OFS 12/17):**

**Utleige av fjellstyrehyttene til kommersielle aktørar er ikkje i tråd med føremålet med fjellstyret sine jakt- og fiskebuer. Fjellstyret avslår difor søknaden frå Trolltunga Adventures.**

## **OFS 13/17: Trekking av hytter for sommarsesongen**

### **Saksdokument:**

- 13-17 Søknadsliste hytter, sommarsesongen

### **Saksutgreiing:**

Trekking av hyttene for sommarsesongen blir gjennomført på møtet.

## **Framlegg til vedtak:**

Ingen

## **Referat:**

Prisane for å leige hyttene blei diskutert. Det siste året har prisen vore 80,- per seng/døgn. Eivind kom med framlegg om å sette leiga i 2017 til 100,- per seng/døgn. John Helge kom med framlegg om å halde på dagens pris, 80,- per seng/døgn for å halda lågast mogleg prisnivå. Etter ein del diskusjon kom Ørjan med framlegg om å auke prisen til 90,- per seng/døgn, noko styret slutta seg til.

Korlevoll IL søkjer om få leige Belebu veke 31 eller 32 til ein fjelltur for ungdommar, noko som styret ser på som eit positiv tiltak. Det blei diskutert om Korlevoll IL skal vera med i trekkinga på lik linje med andre søkarar, eller om dei bør få førerrett til å leige fjellstyrehyttene. Det var usemje i styret om dette, og ved avstemming blei det avgjort at Korlevoll IL ikkje får førerrett, med tre stemmer mot (Eivind, John Helge og Ørjan) og to stemmer for (Britha og Mariann).

Ørjan er ein av søkjarane, og deltek difor ikkje i trekkinga av leige av Belebu.

# Odda fjellstyre

Det er kome inn mange søkarar til Belebu, og berre nokre få til Bjørnavassbu, og ingen til Langavatnet. Det blei difor trekt blant søkerane til Belebu. Dei av søkerane som leigde Belebu i fjor blei ikkje teke med i trekkinga i år.

Trekkingsresultat:

Belebu	Trekkingsnr.
Oddrun Løyning	1
IL Korlevoll	2
Kjell Arne Moe	3
Jarle Rasmussen	4
Christian Lee	5
Thomas Herheim m. fl.	6
Jon Digranes	7
Ørjan Angell	8
Kari Vikane	9
Ole H Kvamme	10
John Sigve Torbjørnsen	11

Det gir fylgjande fordeling på Belebu:

Belebu	Trekking snr.	1-8.7	8-15.7	15-22.7	22-29.7	29-5.8	5-12.8	12-19.8	Kommentar
Namn		27	28	29	30	31	32	33	
Oddrun Løyning	1					H			
IL Korlevoll	2				H				
Kjell Arne Moe	3						S		
Jarle Rasmussen	4						L		Får tilbud om liten del i veke 32
Christian Lee	5			H					
Thomas Herheim m. fl.	6								
Jon Digranes	7							H	
Ørjan Angell	8								
Kari Vikane	9								
Ole H Kvamme	10								
John Sigve Torbjørnsen	11								

H: Heile hytta S: Stor del L: Liten del

Dei som blei trekt ut sist får tilbud om å leige Bjørnavassbu.

## **Vedtak (sak OFS 13/17):**

Prisen for å leige fjellstyrehyttene i 2017 blir sett til 90,- per seng/døgn.

# Odda fjellstyre

Sekretær tek kontakt med søkerane og tilbyr leige av fjellstyrehyttene i tråd med trekningsresultatet (for Belebu) og elles etter innkomne søknadar for Bjørnavassbu.

## OFS 14/17: Utleige av lagerkassar på fjellstyrehyttene

### **Saksdokument:**

- 14-17 Framlegg til avtale om utleige av lagerkassar på fjellstyrehyttene

### **Saksutgreiing:**

Framlegg til avtale om utleige av lagerkassar på fjellstyrehytten må gåast gjennom, og fjellstyret må bli einige om ein avtaletekst.

### **Framlegg til vedtak:**

Ingen

### **Referat:**

Tre av kassane er plassert i Bjørnavassbu, og sju i Belebu.

Framlegg til reglement for avtale om utleige av lagerkassar blei gått gjennom. Ammunisjon blei teke ut av lista over ting det ikkje er lov å oppbevare i kassane.

Leigeprisen blei diskutert. Det kom framlegg om pris for å leige oppbevaringsboksane på åremål på 1000,- 600,- og 500,-

Forslaget om 1000,- fekk to stemmer (Britha og Mariann) og fall. Deretter fekk forslaget om 600,- fire stemmer (alle utanom John Helge), og blei vedteke.

Sekretær informerer om ordninga på Facebook-sida til fjellstyret, og etter kvart på nettsida når den er klar. Frist for å søka om å få leiga lagerkasse blir sett til 15. juni.

### **Vedtak (sak OFS 14/17):**

Avtaledokumentet blei vedteke med dei endringane som det blei semje om på møtet.

Prisen for å leige lagerkassane blei sett til 600 kr pr. år på åremål, eventuelt 2500 kr for langtidsleige i fem år.

Sekretær informerer om ordninga på Facebook-sida til fjellstyret, og etter kvart på nettsida når den er klar. Frist for å søka om å få leiga lagerkasse blir sett til 15. juni.

## OFS 15/17: Innkjøp av ny snøskuter

### **Saksdokument:**

### **Saksutgreiing:**

# Odda fjellstyre

Innkjøp av ny snøskuter skal takast opp på dette møtet, jf. referat frå møtet 6. mars. Det må takast stilling til om fjellstyret har behov for å ha ein snøskuter, om det er behov for å skifta ut den dei har, og om det er økonomisk grunnlag for å investera i ein ny snøskuter. Eivind orienterer om diverse rundt dette på møtet.

## **Framlegg til vedtak:**

Ingen

## **Referat:**

Saka blei diskutert. Innkjøp av ny skuter er avhengig av god økonomi i fjellstyret. Økonomien dei kommande åra er avhengig av sal av reinskort, og i lys av funn av CWD i Nordfjella er det usikkert korleis dette vil utvikle seg dei neste åra. Det blei også peika på at behovet for ein skuter er noko lågare etter kvart som fjellstyret er ferdig med ein del større byggeprosjekt. Eivind kom med framlegg om å vente med å ta stilling til innkjøp av ny skuter til etter jakta i år.

## **Vedtak (sak OFS 15/17):**

**Styret ventar til etter jakta i år med å ta stilling til innkjøp av ny skuter.**

Samrøystes vedteke.

## **OFS 16/17: Skrantesjuka (CWD) – orientering om informasjonsmøte og elles siste nytt**

## **Saksdokument:**

## **Saksutgreiing:**

Siste nytt om skrantesjuka (CWD) blir lagt fram på møtet. Det er planlagt eit informasjonsmøte i Odda i regi av villreinutvalet. Dato for dette er truleg bestemt til møtet.

## **Framlegg til vedtak:**

Ingen

## **Referat:**

Det blei informert om siste nytt om CWD. Det er planlagt eit infomøte for jegerar i kinosalen i Odda. Dette blir 20. eller 22. juni, avhengig av kva som passar best for dei som skal halda innlegg. Det er villreinutvalet som står som arrangør av møtet.

# Odda fjellstyre

## OFS 17/17: Kommentar om utøving av reinsjakt på Ullensvang statsallmenning

### **Saksdokument:**

- 17-17 Åge Holtmoen - Kommentar om utøving av reinsjakt på Ullensvang statsallmenning

### **Saksutgreiing:**

Det har kome eit innspel frå Åge Holtmoen om utøvinga av reinsjakta på Ullensvang statsallmenning. Til diskusjon på møtet, og eventuelt ei tilbakemelding til Åge Holtmoen.

### **Framlegg til vedtak:**

Ingen

### **Referat:**

Sveinung Olsnes, som vikarierte som sekretær for Ullensvang fjellstyre i ein periode, sendte ei tilbakemelding til Åge Holtmoen for ei stund sidan. Denne tilbakemelding blei gått gjennom på møtet.

Fjellstyret er samd med Åge Holtmoen i at det til tider er ei utfordring med jegerkonsentrasjonar. Det blei diskutert kva fjellstyret kan gjera for å unngå farlege situasjonar. Det kom innspel om at det er opp til den enkelte jeger å utføra jakta på ein sikker måte, blant anna ved å berre skyte på dyr med sikker bakgrunn. Det blei særskilt diskutert problemstillinga med jegerkonsentrasjonar på Låven. Som eit tiltak for å redusere jegerkonsentrasjonane på Låven blei det diskutert om ei endring i kor det er lov å telte for jegerar i jakta kan redusere jegerrettleiken. Det blei peika på at å fjerne Hovlandsstølen og Persbu som godkjente teltplassar kunne vera eit godt verkemiddel. Dette er noko som blir avgjort av Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning, og det blir her vist til sak 9/17 frå møtet i Fellesstyret 10. mai 2017. Fjellstyret vil ta opp situasjonen med jegerkonsentrasjonar på Låven i eit seinare møte.

Åge Holtmoen skriv at det har blitt tildelt jaktkort til personar som ikkje har bustadadresse i Odda. Det blei her kommentert at fjellstyret prøver etter beste evne å sjå til at dei som får tildelt kort skattar til Odda. Det er kva kommune ein skattar til som avgjer om ein innanbygds eller ikkje, og det vil difor vera nokre personar som ikkje bur i Odda som likevel har rett på kort som innanbygds, til dømes studentar. Det blei og poengtert at Ullensvang fjellstyre sel kort til utanbygds, og at det difor vil vera ein god del jegerar på Ullensvang statsallmenning som ikkje er innanbygds, utan at dei har fått tildelt kort frå Odda fjellstyre.

Til merknaden frå Åge Holtmoen om at det bør arrangerast opne møte blei det kommentert at fjellstyremøta er opne. Møtetidspunkt, stad og sakliste vil frå no av bli annonsert på heimesida til fjellstyret.

Fjellstyret viser elles til tilbakemeldinga frå Sveinung Olsnes.



# Odda fjellstyre

## Vedtak (sak OFS 17/17):

Fjellstyret viser til tilbakemelding til Åge Holtmoen frå Sveinung Olsnes, og elles til merknadane i referatet i denne saka. Sekretær sender møteboka til Åge Holtmoen.

Samrøystes vedteke.

## OFS 18/17: Eventuelt

### **Godtgjering/påskjøning for dugnadsfolk**

Britha har tidlegare kome med innspel om at fjellstyret bør visa takksemd ovanfor dei som har gjort ein særskild innsats for fjellstyret i dugnadsarbeid. Dette kan vera ei markering, ei gåve eller liknande. Eivind kom med framlegg om at dette blir teke opp som eiga sak på neste fjellstyremøte.